

REFERAT FRÅ MØTE I FFU

TYSDAG 5.6.2018 KL. 12.15 – 14.00

Til stades: Eike Schnall (leiar), Christine Hamm, Scott Rettberg (for Henning Laugerud), Synne Ytre Arne, Sunniva P. Johansen og Erik Bjerck Hagen.

Tilhøyrar: Lars Sætre

Fråfall: Gunnstein Akselberg og Gjert Kristoffersen

Skrivar: Anne Berit Apold

Saker:

- I. Godkjenning av innkalling
 - Innkallinga vart godkjent.

- II. Framlegging av referat frå møtet 4.4.2018

13. Handlingsplan for forskning – vedtakssak

Utkast til handlingsplan for forskning vart drøfta. Mellom anna vart det spurt om skilnaden mellom forskargrupper og prosjektgrupper og korleis desse ulike gruppestrukturane er forankra ved fakultetet. Det vart understreka i diskusjonen at medarbeidarsamtaler og individuelle forskingsplanar er særleg viktig. Ordninga med utpeiking av mentor for postdoktorar vart òg drøfta. Kven skal peika ut mentor, og skal det vera ein mentor innanfor eller utanfor fagmiljøet?

Det var semje om å endra følgjande setning i handlingsplanen (under tiltak nr. 2, s. 5):

Instituttleiar prioriterer medarbeidarsamtaler med dei som ikkje har oppnådd minimumstalet for publikasjonspoeng, der det vert diskutert kva instituttet og kva forskaren kan bidra med for å auka publiseringa.

Endra til

Instituttleiar prioriterer oppfølging av dei som ikkje har oppnådd minimumstalet for publikasjonspoeng. Medarbeidarsamtalen kan vera ein arena der det vert diskutert kva instituttet og kva forskaren kan bidra med for å auka publiseringa.

Vedtak:

FFU stiller seg bak forslaget til handlingsplan for forskning med den endringa som vart fremja under møtet.

14. Budsjett 2019 – diskusjonssak

Eike orienterte om instituttet sitt svarbrev som er under utarbeidering i samband med budsjett for 2019. Det vart etterlyst lettare tilgjengeleg og oversiktleg informasjon om ordningar der ein kan søkja eksterne kjelder om forskingsmidlar, reisestøtte m.m., t.d. i form av ei nettside / ein newsletter.

15. Orienteringssaker

Det var orientert om følgjande saker:

a) Søknads-workshop Marie Curie 2. – 4. mai og vidare prosess

Eike orienterte om oppfølging av søkjarar til Marie Curie stipend.

b) Stipendiatstillingane

Det kom inn 44 søkjarar til tre opne stipendiatstillingar med søknadsfrist 3. april. Det er gjennomført intervju med dei seks best rangerte søkjarane. Det vart påpeikt at potensielle rettleiarar bør få informasjon om komiteen si innstilling og korleis «deira kandidat» er vurdert. Administrasjonen vil sjå på moglege løysingar for å koma dette ønsket i møte.

c) Postdoktorstillingane ved LLE

Søkjarane har fått tilsendt komiteen sin rapport og det vert gjennomført intervju med dei best rangerte søkjarane i byrjinga av juni. Det vert tilsett fire postdoktorar i samband me denne utlysinga.

d) Postdoktorstilling i mellomalderstudiar ved fakultetet

Det er ha meldt seg 101 søkjarar til denne stillinga.

e) Nytt ph.d.-program for HF – løypermelding frå arbeidsgruppa

Anne Berit orientere om ny tidsplan for arbeidet. Ho orientert om nokre område der arbeidsgruppa kjem til å foreslå endringar i forskarutdanninga ved fakultetet; opptakskrav, opplæringsdel, midtvegsevaluering, artikkelbasert avhandling og sluttseminar.

f) Rapport om publiseringsaktivitet ved LLE i 2017 (Cristin)

Det var ingen merknader til rapporten.

16. Ymse

- Representantane frå gruppe B la kort fram resultatane frå ei spørjeundersøking som STIP-HF har gjennomført våren 2018. Rapport frå undersøkinga peiker mellom anna på kva ph.d.-kandidatane opplever som «hinder» for framdrift i prosjekta. Det vil vera aktuelt for FFU å sjå nærare rapporten. (Rapporten er lagt ved dette referatet.)

Kva legg til rette for auka gjennomføring på HF?


Om lag 40 stipendiatar har delteke i undersøkinga som blei sendt ut på alle fire institutta IF, AHKR, LLE og FOF, samt dei to sentra SVT og SKOK.

Av deltakarane var det 63 % kvinner, 32 % menn. Fordelinga av stipendiatar på år inn i prosjektet var ganske lik, med unntak av stipendiatane som hadde levert. Frå denne kategorien deltok det ein stipendiat.

Inntrykket er at mange stipendiatar er nøgde med arbeidskvardagen sin. Ein stipendiat uttrykker seg slik:


Eg har vore heldig og fått pliktarbeid og forelesingar på tema som har med doktorgradstemaet mitt å gjere, slik at eg i mindre grad har vore nøydd til å setje meg inn i nye tema som eg ikkje har bruk for. Samstundes har ansvarleg for pliktarbeidstimane mine her på faget vore interessert i å gje meg relevant erfaring snarare enn å bruke meg som ressurs i undervisinga eller andre stader. Eg har også fått bruke opp att forelesingar 2-3 gonger, noko som både har gitt god erfaring gjennom moglegheit for forbetring av opplegg, og vore meir effektivt.

Likevel syner undersøkinga også at fleire stipendiatar opplever utfordringar i arbeidet som i større eller mindre grad påverkar dei negativt. Då me sette i gang denne undersøkinga ynskte me å kartlegga kva faktorar stipendiatane sjølve meinte påverka deira mål om å fullføre avhandlinga på tid.




Figur 1 Kor lenge har du vore tilsett som stipendiat?

Ei lita overvekt av stipendiatane meiner at dei ikkje klarar å handtere pliktarbeidet og forskinga si på ein god måte, og dette gjenspeglar seg også i kor godt dei meiner dei er i rute med arbeidet. Sjå figur 2 og 3.



Figur 2 I kva grad tykkjer du at du sjølv klarer/ klarte å handtere pliktarbeidet på ein god måte?




Figur 3 Tykkjer du at du er i rute med arbeidet ditt?


Stipendiatane som kryssa av for at dei ikkje var rute med arbeidet sitt fekk så opp ei liste med alternative årsaker til problem med gjennomføringa av prosjektet.

Her fekk ein opp følgjande spørsmål: *I kva grad meiner du at tema under har vore med på å bidra til ei eventuell forsinking?*


Figurteksten syner dei ulike årsakene som stipendiatane blei bedne om å ta stilling til.




Figur 4 Utfordringar i rettleiarsituasjonen




Figur 5 Problem med å kombinere pliktarbeid og skrivning




Figur 6 Frivillige verv




Figur 7 Problem med feltarbeid, datainnsamling eller gjennomføring av forsøk




Figur 8 Publisering




Figur 9 Skrivninga tek lengre tid enn venta



Figur 10 Permisjon og sjukmelding



Figur 11 Familiesituasjon



Figur 12 Konflikter på arbeidsplassen

Ei kort oppsummering av dei viktigaste tendensane i undersøkinga med kommentarar frå stipendiatane, og nokre forslag til mogeleg tiltak:

- 1) Utfordringar med rettleiar: Majoriteten av stipendiatane rapporterer at dei ikkje har utfordringar i samarbeid med rettleiar (47%). Likevel er det verdt å merke seg at heile 29% av stipendiatane som svarta meiner at utfordringar i samarbeidet med rettleiar spelar negativt inn og er ein faktor som kan spele inn på ei mogeleg forseinking.

Kommentar frå stipendiat:

Eg har også hatt problem med veileidar som i lita grad har involvert seg i prosjektet. Ved direkte henvendelser om behovet for meir hjelp så har eg fått beskjed om at vedkommande ikkje kjenner prosjektet og metodane mine godt nok til å kunne komme med innspel og eg har derfor vore heilt avhengig av tilbakemeldingar eg har fått frå fagfeller i tidsskrift og på konferansar.

Eg har prøvd å ta dette opp, men det har ikkje blitt teke det på alvor og eg har gitt opp å få fiksa det. Det har ført til at eg i lang tid har jobba svært lange dagar, og har vore heilt avhengig av hjelp frå vener for å kvalitetessikra arbeidet. Det er svært frustrerande å legge så mykje tid i arbeidet og likevel kjenne seg så lite trygg på at jobben ein gjer er god nok fordi ein ikkje får tilbakemeldingar frå fagfolk på jobben.

Tiltak: Obligatoriske kurs for rettleiarar? /Fagleg oppfølgingssamtalar for å undersøke om samarbeidet er godt. / Gjere det lettare å byte rettleiar i tidleg fase om ein oppdagar at samarbeidet/ det faglege ikkje fungerer?

- 2) Problem med å kombinere pliktarbeid med forskning: Heile 68% av stipendiatane rapporterer at dei har problem med å kombinere desse.

Kommentar frå stipendiatar:

Fakultetet bør i større grad verne om prosjektet til den einskilde stipendiat, og å finne eit system for gjennomføring av pliktarbeid som er meir realistisk og rettferdig enn slik systemet er i dag. Eg kjenner til fleire stipendiatar (inkludert meg sjølv) som har måtta nytta meir tid på pliktarbeid enn kva ein skal. Dette er uheldig for fakultetet fordi dette kan medverke til at stipendiaten går på overtid. Det opplevast også urettferdig at fordeling av pliktoppgåver gir tilfeldig utslag for den enkelte. Somme gjer for mykje pliktarbeid og andre får færre oppgåver. Det kan tenkast at arbeidsgivar (i tillegg til rettleiar) bør involvere seg i større grad for å gi konkret rettleiing til stipendiaten i det som gjeld plikt og tidsbruk ved pliktarbeid.

There is quite an amount of duty work: while it is at the same time rewarding, a lot of the time for research goes to learning about teaching at the university. There should be a more balanced way of dealing with duty work.

Eg tykkjer at det har vore vanskeleg å finne ein balanse mellom pliktarbeid og avhandlingsarbeid. Det største problemet har vore knytt til undervisning. Eg har ikkje hatt innverknad på kva kurs eg kan undervise i og ved spørsmål om eg kan undervise i visse fag eg meiner er relevant for forskinga eg gjer gjennom arbeidet med doktorgraden så har eg fått beskjed om at dei fast tilsette underviser på masternivå. Eg har difor kun hatt tilbod om å undervise i kurs der dei ikkje har andre som har meldt interesse. Eit anna problem har vore at eg har jobba mykje meir med førebuing av undervisning enn det faktoren skulle tilseie, i tillegg til at eg ikkje har fått ha emneansvar i faga eg har undervist i. Likevel har eg blitt pålagt å gjennomføre oppgåvene som ligg til den stillinga og har fått beskjed om at emneansvar er forbeholdt fast ansatte. Det er etterkvart snakk om ein del timar som eg ikkje får uttelling for.

Faktoren for undervisning kunne gjerne vore justert, sjølv om den er høgare enn for fast tilsette. Eg har ofte brukt dobbelt så lang tid på førebuing som faktoren skulle tilseie.

Would be nice if the obligatory work was limited to the first year, but understand that this is not always possible.

Overgang til oslomodellen bør vurderes for å skjerme stipendiatenes forskningstide og få flere gjennom på normert tid, dvs. at man får ett år med gjennomføringsstipend og ren undervisning hvis man leverer på normert tid etter tre år. Dagens situasjon er svært lite gunstig.

Tiltak: Auke førebuingfaktor (HF er blant fakulteta med lågast førebuingfaktor for stipendiatar)/ Innføre UiO-modellen med gjennom føringsstipend der ein får eit undervisningsår dersom ein har fullført avhandlinga på normert tid?/ I større grad legge opp til at stipendiatar får undervise i fag som er relevante for forskinga deira?

- 3) Skrivinga tek lengre tid enn venta: 64% av stipendiatane opplever at skivinga tek meir tid enn rekna.

Kommentar frå stipendiat:

Det har vært positivt med kontinuerlige "shut up and write" timer, selv om jeg har ikke kunne deltatt på mangen av disse enda. Seminaret om artikkelbasert PhD var også veldig positive, men nok et tema som må diskuteres kontinuerlig. Vi trenger også seminarer om publisering. Det er også mange gode grunner til å jobbe for å få tilbake akademisk skrivesenteret her ved HF.

Tiltak: Skrivekurs for stipendiatar som ein del av dei overførbare dugleikane, gjerne tilpassa sjangeren ein skriv innanfor (monografi/ artikkelbasert etc.).

Dette er ei lita undersøking og på ingen måte uttømmende, likevel meiner me at den peikar på fleire viktige moment som bør diskuteras i utforminga av den nye forskarutdanninga ved HF.

Spesielt tiltak knytt til klargjering av pliktarbeid, auka førebuingfaktor for undervisning (sjå rapport frå STIP-HF om ulikheiter i førebuingfaktor mellom fakulteta), akademiske skrivekurs for stipendiatar som ein del av overførbare dugleikar, utgreie om det er tenleg med Oslo-modellen (gjennomføringsstipend), tettare oppfølging av relasjonen mellom rettleiar og stipendiat i startfasen, obligatoriske kurs for rettleiarar (til dømes i rettleiing av artikkelbaserte avhandlingar/ monografiar etc.).

Til slutt, ynskjer me å føreslå for arbeidsgruppa som skal utforme den nye forskarutdanninga at eit av faga som bør inngå som ein del av overførbare dugleikar omhandlar søknadsskriving, sidan dette er eit behov me trur berre vil verte større i åra som kjem. Dette bør også vere ope for postdoktorar.

Om de har spørsmål til undersøkinga eller resultata så ta gjerne kontakt.

Trude Bukve
Representant for gruppe b i fakultetesstyret (2017/18).